

Velkommen til Vigra Barnehage

«DET ER STORT Å VERE LITEN I VIGRA
BARNEHAGE»



Giske kommune
Historisk og framtidsretta

Innhold

VELKOMEN	2
DEN GODE BARNEHAGEN	3
TILVENNING I BARNEHAGEN	4
LEVERING OG HENTING.....	7
PRAKTISK INFORMASJON	8
SAMARBEID	11
PRAKTISKE KJØYREREGLAR.....	12
HUSKELSTE	15

VELKOMEN

Velkomen til Vigra barnehage, vi gleder oss veldig til å helse på deg og dine foreldre. I dette heftet vil dykk finne informasjon om barnehagen vår, verdier litt om oppstart samt andre ting som er viktig huske på. Ta dykk til å lesar over før oppstart, eller når dykk lurar på noko etter oppstart.

*I Vigra barnehage skal det være «stort å vere liten». For oss betyr det at du som liten møter vaksne som bryr seg om deg. Du møter vaksne som er opptatt av at du skal bygge gode relasjonar til store og små rundt deg. Vaksne som jobbar for at du skal føle deg trygg hjå oss og i deg sjølv. Du møter vaksne som er opptatt av å legge til rette for at du opplever meistring og utvikling kvar einaste dag, slik at du blir den beste utgåva av deg. Vi som målsetting at alle skal gå heim med ein kjensle av at «**i dag var det bra eg kom**».*

Vigra barnehage har per i dag tre avdelingar. Rota er småbarnsavdelinga vår, til hausten vil det vere 16 barn i alderen 1-2 år som høyrer til her. Lokalane er tilrettelagt for småbarn med to gode rom for leik og aktivitet, stellerom som er tilknytt avdelinga samt eit område der barna søv ute som er skjerma frå vær og vind.

Kvisten og Kongla er storbarnsavdelingane våre, begge avdelingane vil til hausten ha 19 barn i alderen 3-6 år. Storbarnsavdelingane våre har eit tett samarbeid. Avdelinga har felles frukost og leik på morgon, dei er ofte saman i uteleiken og ein dag i veka er dei samla i aldersdelte grupper på tvers av avdelingane. Vi ser at dette har stor betydning for relasjonsbygging og i løpet av året blir barna godt kjent med vaksne og barn både på Kvisten og Kongla.

Barnehagen ligg flott til med eit nærområde som gir mange moglegheiter for aktivitetar ute, noko barnehagen veit å nytte seg av. Alle gruppene har faste turdagar. Der vi har som mål at barna skal få varierte erfaringar i naturen, barna skal få oppleve å lage mat på bål, få klatre i tre og balansere på steinar, dei skal oppleve meistring ved å nå toppar og mykje meir. Vi nyttar oss av skogen i nærleiken, dei flotte fjørene vi har rundt oss og både Molnes og Budafjellet m.m.

Vi ser fram til å verte kjent med dykk. Vi vil gjere vårt beste for at samarbeidet mellom barnehagen og heim skal verte så godt som mogleg.

DEN GODE BARNEHAGEN

Med bakgrunn i «Lov om barnehagar» er det overordna målet for barnehagen: «*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen bidra til å utvikle personlegdomen til det einkilde barn, ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Støtte kvart barn i den sosiale utviklinga og hjelpe dei til å bli trygge og glade barn.*»

Vi vil arbeide mot desse måla ved å bygge opp eit trygt og stimulerande miljø der både barn og vaksne viser omsorg for kvarandre. Vi vil legge vekt på at barna skal lære samarbeid, bygge gode relasjonar og verte tolerante.

Personalet i Vigra barnehage jobbar ut frå verdiane respekt, kvalitet, engasjement og løysingsvilje. **Respekt** ved å vere imøtekomande, pålitelege og involverande. Møtet med barn og foreldre skal vere prega av **kvalitet** gjennom klar kommunikasjon, kompetanse, læring og utvikling. Vi skal vise **engasjement** gjennom meningsfylte oppgåve for barn og personale, trivsel blant barn, tilsette og foreldre og gjennom arbeids glede som er synleg. Personalet skal vise **løysingsvilje** ved heilskapleg tenking, handlekraft i alle situasjonar og kreativitet i arbeidet.



TILVENNING I BARNEHAGEN

Å starte i barnehagen er ofte ei stor endring for både foreldre og barn. Det å «gi slepp» på barnet sitt til nokon ein ikkje kjenner så godt, kan for mange vere utfordrande og litt skummelt. Vi legg stor vekt på at barna skal få ein så god start på barnehagelivet sitt som mogleg og har fokus på å skape gode relasjonar, gje omsorg og skape trygge rammar for både barn og foreldre.

Det er viktig for oss å gjere tilvenninga til barnehagen så trygg og god som mogleg for alle. Med godt samarbeid, faste rutinar, gradvis tilvenning og tilsette med god kompetanse er vi sikre på at tilvenninga skal gå bra for alle barna i Vigra barnehage.

Barnehagen legg til rette for at barn og foreldre kan komme innom på besøk i løpet av april, mai og juni. Da kan barnet komme saman med foreldre og delta i leik, samling eller annan aktivitet saman med gruppa. *Sjå dato for besøk i mail.*

Tips og tankar før tilvenning:

- Sjølv om barnet har gått i barnehage tidlegare treng barna tilvenning i den nye barnehagen.
- La kjente passe barne. Dersom barnet ikkje er vandt med å vere saman med andre enn foreldre, er det lurt å la andre kjente passe barnet av og til i tida før barnehagestart. Da kan overgangen til barnehage bli enklere for barnet.
- Mange arbeidsplassar gir foreldre rett til tre dagar permisjon med løn for tilvenning av barn i barnehagen. Vi forventar at foreldre sett av disse dagane til tilvenning i barnehagen.
- Fleire barn kan ha behov for ei lengre tilvenningstid enn 3 dagar- vil legg opp til ein tett dialog for å få til ein best mogleg tilvenning for barnet.
- Gjer avtalar med pedagogisk leiar/personalet på di avdeling om korleis dei tre dagane skal sjå ut.
- Start med korte dagar i tilvenninga. Det å starte i barnehagen kan gje mange inntrykk og vi vil at barna skal oppleve dei første dagane som trygge og rolege; dei skal gå heim med ein god kjensle.

På siste besøksdag i juni avtaler dykk og pedagogisk leiar oppstartdato for barnet ditt.

Besøk i barnehagen:

Foreldre og barn blir i løpet av mai invitert til å besøke barnehagen. Ein vil få tilsendt datoar for besøk. Under besøket vil ein møte tilsette som jobbar på avdelingane, andre barn og foreldre som skal starte opp. Besøket handlar om å bli litt kjent med barnehagen. Besøket gjennomførast inne på avdelinga eller på barnehagens uteområde.

Den fyrste dagen i barnehagen ved oppstart:

Det er viktig at den fyrste dagen ikkje blir for lang for barnet, 2-3 timar er ofte nok.

Foreldre sine oppgåve:

Vere til stede saman med barnet heile tida, dykk har hovudansvaret for barnet i leik, måltid og stell. Vise og fortelje om barnets vaner, uttrykk og behov for personalet. Prøv å delta i avdelingas praktiske gjeremål. Bli kjent med andre foreldre og barn som startar opp.

Personalet sin oppgåver:

Bli kjent med barn og foreldre ved å være saman med dei i leik og praktiske gjeremål som måltid og stell. Observere barnet sin måte å kommunisere sine ønsker og behov på, bli kjent med barnas vaner. Introdusere foreldre for barnehagens rutinar.

Ein gjer avtale med dei tilsette om korleis dag 2 skal vere før ein går heim.

Den andre dagen:

Denne dagen er ganske lik den fyrste dagen, og bør ikkje vere for lang.

Foreldre sine oppgåve:

Det er framleis viktig for barna at foreldre er saman med barna. Være til stede saman med barnet i leik, måltid og stell. Etter kvart som ein ser at barna vil utforske litt i leiken, kan ein prøve å halde seg litt i ro/bakgrunnen. Det er viktig at barnet ser dykk, slik at når dei har behov for eit fang er dykk i nærleiken.

Personalet sin oppgåver:

Personalet prøver å invitere barnet meir inn i leik og andre aktivitetar som måltid og evt. stell. Gjer avtale med dykk om korleis den 3 dagen skal sjå ut.

Den tredje dagen:

Dag 3 kan vere litt lengre enn dag 2.

Foreldre sine oppgåve:

Dersom ein ser at barnet er i ferd med å finne seg til rette, kan barnet nå prøve vere litt aleine på avdelinga. Og foreldre kan trekke seg litt tilbake, til døme på pauserommet i barnehagen. Gjer avtale med personalet korleis ein bør gjere dette. Foreldre skal vere tilgjengeleg for barnet på kort varsel. Når ein går frå barnet skal ein sei hadet til barnet slik at barnet oppfattar at foreldre går. Dersom ein opplev at barnet ikkje vil vere aleine så ver inne på avdelinga saman med dei, men prøv å halde dykk litt i bakgrunnen i leik og aktivitet.

Personalet sin oppgåver:

Personalet tek større grad ansvar for barnet etter avtale med foreldre.

Gjer avtale med foreldre korleis dagen skal vere, samt korleis ein skal organisere dei neste dagane for barnet.

Den første avskjeden:

Det er ikkje uvanleg at barna kan vere litt usikre når foreldre forlèt barnehagen. Det er viktig for oss at avskjeden skal opplevast som trygg og god for både foreldre og barn. Dersom ein opplev dette som vanskeleg så avtal med pedagogisk leiar korleis ein skal gjere det.

Det er viktig for barna at dei veit at foreldre forlèt barnehagen; sei alltid ifrå til barnet når dykk går. Ikkje «snik» deg ut når barnet ikkje merkar det, dette er uforutsigbart for barnet og kan gjere dei utrygge. Prat heller med barnet om at dykk skal ta ein tur og kjem tilbake om ikkje alt for lenge. Personalet gir ei oppdatering korleis barnet har det på Transponder.

Dersom ein ser det er behov for ei litt lengre tilvenning så avtale med pedagogisk leia korleis ein gjer dette.

LEVERING OG HENTING

Av og til kan situasjonen rundt levering og henting opplevast som vanskeleg. Personalet har fokus på at barnet skal få ein god start på barnehagedagen og å ta imot alle på ein god måte.

Det er ikkje uvanleg at barn gret når foreldre går frå barnehagen. I dei aller fleste tilfelle går dette raskt over. Dersom dykk opplev levering eller henting som vanskeleg, så gjer avtale med pedagogisk leiar om korleis ein kan få til dette på best mogleg måte.

Den som følger barnet til barnehagen må ikkje gå før dei har vore i kontakt med personalet.

Husk å lukke porten når de kjem og går!

Sei alltid frå til barnet når du går

Lurer du på korleis det går utover dagen, må du gjerne ta kontakt via Transponder meldingsbok. Personalet teke også kontakt ved behov.

Det er viktig at tilsette og foreldre har ein god dialog ved både levering og henting. Det kan vere viktig å informere om t.d. barnet har hatt ei uroleg natt, særskilte opplevingar heime og liknande som vil påverke barnet gjennom dagen. Det er viktig for oss å ha en dialog ved henting slik at tilsette kan informere litt om dagen som har vore. Vi prøver å gjere vårt beste får å til ein korte prat ved både levering og henting. Men dersom det er mange barn som vert leverte eller henta samtidig eller det er mykje som skjer på avdelinga kan det vere vanskeleg for dei tilsette å prate med alle. Dersom vi ikkje rekker å ta kontakt med alle, så gje oss litt tid til å komme bort til dykk.

Foreldre har ansvaret for barna når dei er henta. Minner om at barna skal ikkje gå ut av porten utan foreldre, husk alltid å gje beskjed til ein av personalet når ein hentar, og gje oss beskjed dersom andre skal hente barnet.

PRAKTISK INFORMASJON

Vigra barnehage har følgjande opningstid:

Måndag til fredag 7.00-16.30

***Vi ber om at dykk viser respekt for personalet si arbeidstid,
og hentar barna innanfor opningstida.***

Kjernetida er mellom 9.00 og 14.30. Det er fint om alle, så langt det er råd, kan vere i barnehagen i kjernetida, da fellesaktivitetar i gruppene skjer innafor dette tidsrommet.

Dagsrytma i barnehagen inneheld mange rutinar. Faste rutinar gir ein kjensle av forutsigbarhet. For nye barn er det viktig å vite kva som skal skje til i løpet av dagen, dette skaper tryggleik. Tidspunkt for dei ulike kvardagsaktivitetane varierer noko i gruppene, men innhaldet er stort sett det same.

Måltid

Frukost:	kl.7.30 – 8.30
Formiddagsmat:	ca. kl.11.00/11.30
Ettermiddagsmat:	ca. kl.14.15

Barna har tilbod om å ete frukost i barnehagen. Dei som har ete heime, tar til med leik og aktivitetar på eit av dei andre romma i dette tidsrommet slik at det vert eit roleg frukostmåltid i barnehagen.

Det vert servert brødmatt til frukost og formiddagsmat. Vi har fokus på å servere frukt og grønt til alle måltid. Enkelte dagar får barna i tillegg yoghurt eller varm mat. Vi legg vekt på at kosthaldet skal vere sunt og næringsrikt i barnehagen.

Søvn/kvile

Dei barna som har behov for søvn/kvile i løpet av barnehagedagen søv i vogn i «utesoverommet» som ligg i tilknytning til småbarnsavdelinga. Det er alltid ein tilsett saman med barna når dei søv. Foreldre tek med vogn, vognpose/dyne og sele slik at barna har det dei treng til å søve i barnehagen. Foreldre har ansvar for at ustyret fungerer og er trygt.

Skriftleg informasjon

Pedagogiske plattform og Årsplanen gir informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid, den presenterer korleis barnehagen vil arbeide med å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen. Disse blir sendt ut i løpet av september på Transponder.

Temaplaner/periodeplanar vert sendt via Transponder frå den einaskilde avdeling. Det blir sendt ut fredagsrapport på slutten av veka, her får dykk litt informasjon og bilete av veka som har gått.

Vigra barnehage har ei open Facebook side der vi presenterer litt av det pedagogiske arbeidet vi held på med i barnehagen. Fokuset er på aktivitetar og ikkje barn. Foreldre skriv under på samtykkeskjema ved oppstart i barnehagen.

Samtykke

Personopplysningsregelverket krev innhenting av samtykke for mellom anna registrering, lagring og utlevering av personopplysningar. Barnehagen har eit samtykkeskjema for å innhente nødvendig samtykke frå føresette i forbindelse med henting, fotografering, bruk av bilete på Facebook side, telefonlister og namnelister og transport. Det er frivillig å gje samtykke, og ein kan når som helst trekkje samtykket tilbake. Dette kan gjerast skriftleg eller munnleg beskjed til styrar eller pedagogisk leiar. Ved oppstart vil pedagogisk leiar levere ut samtykkeskjema til dykk. Vi ber dykk sjå over dette og levere det tilbake så raskt som mogleg.

Ferie

Barnehageåret startar 1. august og sluttar 31. juli. Giske kommune tilbyr 100 % barnehageplass, 5 dagar per veka. Dei kommunale barnehagane er stengt dei tre siste vekene i juli, samt romjul og påskeveke.

Planleggingsdagar

Barnehagen er stengt 5 dagar i året da personalet har planleggingsdagar. Dei fleste dagane er samkøyrte med skuleruta. Ein finn barnehageruta på heimesida til Giske kommune.

Transponder

Barnehagen brukar Transponder meldingsbok til å sende ut informasjon, planar, ferieoversikt og liknande. Vi forventar at foreldre og tilsette brukar Transponder meldingsbok som kommunikasjonsform. Her kan dykk legge inn ferie, fråværsmelding ved sjukdom, beskjed om henting og liknande.

Ansvar

Personalet har ansvar for barna i den tida dei er i barnehagen. Barna er ulukkesforsikra innafor barnehagen sitt område under den ordinære opningstida. Forsikringa gjeld også når barna reiser på turar i barnehagetida.

Dersom nokon andre skal hente barnet, må barnet og personalet få beskjed om det. Den som fylgjer barnet til barnehagen, må ikkje forlate det før han/ho har vore i kontakt med personalet.



SAMARBEID

For å sikre samarbeidet med heimen til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. (jf. Barnehagelova § 4)

Foreldreråd

Foreldrerådet er samansett av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet

SU består av representant frå eigar; desse er politisk valde. Vidare er det to representantar frå foreldra og to frå personalet. Styrar er sekretær og har ansvar for å legge fram saker og kalle inn til møta. Styrar har ikkje røysterett.

SU skal m.a. sjå til at barnehagen vert driven innafor ramma av Barnehagelova, barnehagen sine vedtekter og budsjett. Samarbeidsutvalet skal fastsette årsplan for verksemda og saker som gjeld driftsendringar o.a. skal leggast fram for Samarbeidsutvalet.

Foreldresamarbeid

Det er viktig for oss å ha eit godt samarbeid med foreldre. Målet er å skape eit samarbeid som er prega av gjensidig tillit, openheit og trivsel.

Vi har som **mål** å skape eit samarbeid prega av:

- Tillit, openheit og trivsel
- Gjensidig kommunikasjon

Korleis skape og utvikle dette samarbeidet:

- Dagleg kontakt ved levering/henting av barna
- 2 foreldresamtaler med kvar einskild gjennom året
- Foreldremøter
- Ulike arrangement der barn, foreldre og personale er saman i ein sosial samanheng

Personalsamarbeid

For å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet, er det nødvendig at personalet har avsett tid til planlegging og samarbeid.

Personalet har 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Nokre planleggingsdagar vert nytta til kompetansegivande kurs i lag med dei andre barnehagetilsette i kommunen. Andre vert nytta til intern planlegging i barnehagen.

Vidare har personalet personalmøte på kveldstid og avdelingsmøte for avdelinga på dagtid annakvar veke.

PRAKTISKE KJØYREREGLAR

Sjukdom/fråvær

Er barnet sjukt, eller borte frå barnehagen av andre grunnar, er det viktig at personalet får beskjed om dette **seinast kl.9.00 same dag**, gi beskjed via Transponder.

Sjuka eller sterkt forkjølte barn må haldast heime til dei kan vere ute og delta i aktivitetar på linje med dei andre barna.

Er dykk i tvil om barnet kan gå i barnehagen, er dette ein enkel regel: *Er barnet for sjukt til å vere ute og ta del i leik og aktivitet, kan det ikkje vere i barnehagen.*

Barnehagen følger smittevernrutinar til FHI.

ENKLE REGLAR VED SJUKDOM

- Dersom barnet har hatt feber, skal det haldast heime ein «feberfri dag» i etterkant.
- Omgangssjuka - heime i 48 timar etter siste utbrot av diare og/eller oppkast.

(Etter råd frå Folkehelseinstituttet med bakgrunn i smittefaren.)

Det er særskilt viktig å gi beskjed ved oppstart om barnet har ein kronisk sjukdom. Det er også viktig å gi beskjed ved sjukdom generelt og særskilt ved smittsame sjukdommar.

Endringar i heimesituasjonen

Frå tid til annan skjer det endingar i heimesituasjonen som påverkar barnet. Det kan vere sjukdom i familien, dødsfall, skilsmisse, flytting eller andre ting. Det er viktig for barnet at personalet vert informert om slike omstende. Det vil sette personalet betre i stand til å forstå reaksjonane til barnet, og gi ekstra omsorg og støtte når det har behov for det.

Klede

Barna må vere kledd slik at dei kan delta i leik og aktivitetar både ute og inne.

Alle klede **skal** vere merka med namn og **det er foreldra sitt ansvar å sjå til at barna alltid nok klesskift i barnehagen**. På garderobeplassen til barnet ligg der ein lapp om kva som skal ligge i hylla/korga. Ein bør sjekke korga ein gong i veka.

Som nemnt innleiingsvis har dei ulike avdelingane dagar der dei er ute store deler av dagen. Dette stiller krav til dykk som foreldre med omsyn til at barna skal ha klede og skotøy som er godt egna til å vere ute i allslags ver over lengre tid.

I vinterhalvåret bør alle ha **ull undertøy**.

Det er også viktig å sjå til at regntøy, dressar og støvlar er i orden og klare til bruk. Det er forventa at ein tek med regntøy, dressar og liknande heim til vask med jamne mellomrom, (helst kvar fredag).

Foreldra skal halde orden i garderobehylla slik at det vert lett å finne det ein treng.

Dersom barna har det dei treng, slepp dei tilsette å bruke unødvendig tid på å leite etter klede og annet barna kanskje treng. Den tida som personalet brukar på å leite etter klede til dykkar barn, går utover resten av gruppa.

Umerka klede som ingen gjer krav på innan 14 dagar, går til barnehagen sitt reservelager eller blir gitt vekk.



Klær som bør vere i barnehagen

- ⇒ 2 truser
- ⇒ 2 bukser
- ⇒ 2 par strømper
- ⇒ tjukke ragger
- ⇒ 2 ekstra luer
- ⇒ regnklede
- ⇒ Utedress
- ⇒ 2 t-skjorter
- ⇒ 2 gensere
- ⇒ 2 par strømpebukser/stillongs
- ⇒ 2 varme gensere
- ⇒ 2 par ekstra votter
- ⇒ støvler
- ⇒ vintersko/støvler

I Vigra barnehage er vi glade å være ute i alt slags vær, det er heller ikkje uvanleg å oppleve fleire årstider i løpet av i veke.

Pass på at barna dykk har det dei treng av klede og utstyr til å vere ute i alt slags vær!

HUSKELSTE

Opningstid: 7.00-16.30

Adresse

Vigra barnehage,
Bakarvegen 8
6040 VIGRA

E-post

sonja.roaldsand.skodje@giske.kommune.no

Telefonliste

Kontor	41 70 23 15
Rota	97 49 86 20
Kvisten	97 50 43 40
Kongla	97 50 55 70

- Kle barnet enkelt og praktisk til leik og aktivitet
- Pass på at barnet har nok skiftetøy i barnehagen
- Regntøy, utedress og støvlar må vere tilgjengeleg kvar dag
- Klede skal merkast med namn
- Gi beskjed innan kl. 9.00 om barnet ikkje kjem i barnehagen, eller kjem seinare.
- Dersom barnet ikkje er friskt nok til å vere ute, og delta i leik og aktivitet, må det vere heime.
- La ikkje barnet vente, men hent det til avtalt tid.
- Trafikkfarlege situasjonar kan oppstå ved parkeringsplassen, **vi vil at foreldre skal rygge inn på parkeringsplassen og skru av motoren ved henting.**
- Ved henting er det ikkje tillatt for barn å gå ut porten aleine utan følgje av ein vaksen.
- Den som leverer/hentar barnet, må ikkje gå før ein har vore i kontakt med ein av personalet.
- Foreldrebetaling skjer via Kommune-kassa. Spørsmål og opplysningar som gjeld foreldrebetaling, kan rettast til Gudrid Frøland på tlf. 417 02 346

- Ikkje nøl med å ta kontakt med personalet om det er noko som er uklart eller uforståeleg
- Misforståingar, problem og irritasjon vert lettast løyst ved at ein snakkar om saka med det same

«Det er STORT å vere liten i Vigra barnehage»

